



**GODT:** Magni Huseeth klaga ikkje på salet av pølser og sveler.



**LITT SKUFFA:** Reidar Handeland og Magni Huseeth i Valestiftinga var skuffa over vêret, men blide likevel.

## Trio mot fjerde divisjon

**Fotball-A-laget til Trio bekreftar endå ein gong at laget ikkje har noko i 5. divisjon å gjera.**

TRUDE AARSAND  
trude@kvinnheringen.no

I alle fall ikkje så langt. Av 12 spelte kampar hittil i serien er det blitt 12 singlar og topplassering.

Laurdag stod slaget mot Søfteland på bortebane. Trio spelte nærmast ball-i-hatt mot heimelaget, som ligg som nummer tre på tabellen. Resultatet vart 4-0 til Trio, som med det kunne reisa heim igjen med nye tre poeng.

- Det er kjekt å vinna mot eit bra lag som Søfteland, seier trenar Aleksander Ekeland, sjølv sagt svært fornøgd.

I første omgang skapte Trio mange sjansar og var klart overlegen. Martin Veastad skåra to av tre mål før pause, og Eivind Saghaug fiksa det tredje.

Andre omgang baud på litt meir motstand for gjestene.

- Tett spel og mykje stillingskrig prega andre om-

gang, men vi klarte å møte motstanden på ein god måte, melder Ekeland.

Det kom like til det 70. minuttet før utteljinga kom. Då skåra Alkan Abdulla det fjerde og siste målet i kampen.

- Sigeren kjennest bra. Her har vi vunne ein kamp med god motstand. Spelarane gjorde ein kjempejobb, rosar trenaren.

Komande helg er det igjen bortekamp. Då mot Follese på Askøy, eit lag som ligg eit godt stykke nede på tabellen.

### Søfteland-Trio 0-4 (0-3)

Fotball 5. div. herrar

0-1: Martin Veastad i 4. min.

0-2: Eivind Saghaug i 8. min.

0-3: Martin Veastad i 44. min.

0-4: Alkan Abdulla i 70. min.

Gult kort: Erik Voster Solberg

Trio: Eirik Eikeland, Marius Myklebust, Åsmund Voster, Warhel Suleiman, Henning Solheim, Erik Voster Solberg, Mats Mo, Eivind Tufta Saghaug, Nikolai Mayer, Martin Veastad, Alkan Abdulla. Innbytarar: Vebjørn Røssland, Olliver Lygresten, Simen Røssland, Ruben Saug, Håvard Vågen.

## Tap for Halsnøy

**Halsnøy sitt A-lag klarte ikkje å hamla opp med Fitjar på fredag.**

TRUDE AARSAND  
trude@kvinnheringen.no

Eit nytt tap vart resultatet av innsatsen på bortebane fredag. Halsnøy vart slått med heile fire mål i kampen mot Fitjar, ein batalje som enda med 6-2 til heimelaget.

- Spelet gjekk bra i første omgang. Vi heldt formasjonen og hadde god kontroll, men det vart dessverre ikkje mål av det, melder oppmann Ingvar Hølland.

Heilt mot slutten av omgangen skåra Fitjar på frispark og klarte endå ei skåring før dommaren bles.

I andre omgang skåra Fitjar før Halsnøy visste ordet av det.

- Vi var knapt komne i gang før skåringa kom. Ikkje lenge etter vart det endå eit mål, fortel oppmannen.

Men då vakna halsnøykarane. Martin Lygre og Svein Helge Hølland skåra kvar sitt mål i høvesvis 70.

og 75. minutt. Det heldt likevel ikkje. Mot slutten av kampen slo Fitjar til med utteljing på to kontringar.

- Litt surt var det, det er berre å vedgå. Eg trudde vi skulle klara å henga betre med enn vi gjorde. Mange kampar står att, så det er von i hangande snøre. Dei neste dagane skal vi bruka til å mobilisera framfor kampen mot Askøy til helga, lovar Hølland. I skrivande stund ligg Halsnøy som nummer åtte av 12 i avdeling 1 i femte divisjon.

### Fitjar-Halsnøy 6-2 (2-0)

Fotball 5. div. herrar

4-1: Martin Lygre i 70. min.

4-2: Svein Helge Hølland i 75. min.

Halsnøy: Magnus Eide, Jonas Hølland, Svein Bjørke, Stian Jokerud, Vegard Hoff, Marcus Hyl-land Sâtendal, Svein Helge Hølland, Kjetil Eide, Marius Quam, Martin Lygre, Kjell Arne Berntsen. Innbytarar: Marcus Størksen spelte 15 minutt for Vegard Hoff.



**GANGSPEL:** Leif Jarle Kaldestad i kystlaget lærte unge Steffen Takvam Dale korleis ein brukar eit gamaldags gangspel til å dra inn båtar og anna med.